


Slingsby sine turruter

Vest-Jotunheimen, 1872 – 1900

Til Kroken

Frå Kroken



Presiserer at dette er eit planleggingskart, der det kan vera unøyaktigheter.



VETTISRIKET
RESORT

Klingenberg Hotel
Sitla Hotel & Apartments
Vetti Gard Turiststasjon



William Cecil Slingsby

sine turar i Vest-Jotunheimen mellom 1872 – 1900

1872: Første reise til Norge og Vest-Jotunheimen. Tur frå Klingenberg Hotel, inn i «Juvelen blant de dypeste av daler» Utladalen og Vettisfossen via Årdalsvatnet og Vetti Gard Turiststasjon. Retur samme dag.

1874: Kryssing av Hurrungane: tur frå Klingenberg Hotel, via Årdalsvatnet, Vetti, Brendeteigen, Stølsmaradalen, Stølsmaradalsbreen, Ringsskard, Ringsbreen, Ringsdalen, Turtagrø og Opptun.

Tur frå Eidsbugarden, forsøk på bestigning av Hjelledalstind, Morka-Kolddalen (særs krevjande terreng), Vettismorki, Vetti (overnatting til turen neste dag).

Tur frå Vetti, Brendeteigen, (planen var å telte i Midtmaradalen, men uvær førte til retur til Stølsmaradalen oppe i Snørestødet), overnatting i telt innst i Stølsmaradalen, stien mot Avdalen, Fuglenosi, Avdal Gard, Avdalskori, Årdalsvatnet, Klingenberg Hotel.

1875: Tur frå Visdalen, Gravdalen, Storutladalen, Skogadalsbøen, Friken, Vettismorki, Vetti med overnatting på Spiterstulen, Skogadalsbøen og Vetti. Slingsby sin søster Edith var med på turen og var visstnok første engelske kvinne på tur i Jotunheimen.

1876: Tur frå Bygdin sammen med Emanuel Mohn og Knut Lykken, Urdanostinden, Skogadalsbreen, Skogadalsbøen (overnatting), Gjertvasstind (Emanuel Mohn førstebestiger av Austre Styggedalstind som tinden heite i 1876), Vormeli (overnatting).

Tur frå Vormeli, Maradalen, Skoddedalen (døpt av Slingsby på denne turen), Maradalsryggen, Midtmaradalsbreen, Slingsbybreen (bjørnespor i snøen på breen), Mohns Skard, toppen av Storen (berre Slingsby klatra opp frå skardet), retur til Vormeli (samme veg kl. 01 om natta). Her skilde fylgjet lag. Keisarpasset, Skjolden, Kroken (overnatting). Deretter, via ferdseisvegen over fjellet til Nundalen og Årdalsvatnet, kom Slingsby og Mohn til slutt til Klingenberg Hotel (Slingsby noterte i gjesteboka at han kom med båt over Årdalsvatnet og hadde klatra Store Skagastølstind, førstebestigninga han vart så berømt for).

Tur frå Klingenberg Hotel med Emanuel Mohn, via Vetti, Brendeteigen, Stølsmaradalen, Midtmaradalsryggen (prøvde å komme ned i Midtmaradalen, men måtte snu og gå ned i dalen frå Snørestødet), Kyrkjestigen, Vormeli (overnatting), Røysheim.

1877: Tur med Anfinn Vetti til Stølsnostind, retur Vetti (overnatting).

Tur frå Vetti til Vormeli med Anfinn Vetti (stifinnar fram til Utle). Møte med Torger Sulheim ved Utle (kryssing av elva på hesteryggen 1,5 km nedstrøms Vormeli). Bjørnejakt sammen med Sulheim utan å treffe på bamsen. (Under jakta har så Slingsby og Sulheim gjeve seg tid til å sette bumerka sine på ein stein ein stad mellom Skoddedalen og Midtmaradalen. På Klingenberg Hotel kan ein få vita meir om historia bak dette bumerket). Etter jakta gjekk Slingsby åleine via stølen i Guridalen (overnatting). Neste dag via Skogadalsbøen og Mjølkedalsbandet til Eidsbugarden.

1880: Vintertur og bjørnejakt frå Fortun, Helgedalen, Keiserpasset, Vormeli (overnatting), Fleskedalen – Vetti.

1889: Tur sammen med Torger Sulheim og to engelskmenn frå Skjolden, Berdalen, Berdalsbreen, Vestre Austabotntind, Store Austabotntind, retur til Berdalen (overnatting på ny turisthytte).

Tur frå Skjolden med Torger Sulheim og Hastings til Skogadalsbøen (overnatting), Skogadalen, Skogadalsbreen, Mjølkedalspiggen og Urdaknatten, retur til Skogadalsbøen (overnatting). Dagen etter ned til Vormeli (overnatting) øvst på Maradalsbreen, retur igjen til Skogadalsbøen. Dei to neste dagane bestigning av Urdanostind og Gjertvasstind. Vidare via Skjolden til Jostedalen.

1894: Tur sammen med med sin kone Alizon frå Klingenberg Hotel til Vetti (overnatting), Friken, Skogadalsbøen (overnatting), Keisarpasset, Turtagrø.

I slutten av august tur sammen med Torger Sulheim og fleire frå Turtagrø, Ringsdalen, Gravdalskard, Gravdalsbreen, Stølsmaradalsbreen, Vikingskard (døpt til ære for Sulheim) sør for Midtre Ringstind og retur om Ringsskard og Ringsdalen. Sirkel rundt Midtre Ringstind.

1900: Tre dagar på Skagastølstindane (ikkje på rad). Utgangspunkt Turtagrø bestigning av Storen via Heftyes renne saman med Ola Berge, Therese Bertheau og fleire.

OBS! Ein del av turane går på umerka stiar og er krevjande.



VETTISRIKET
RESORT

Klingenberg Hotel
Sitla Hotel & Apartments
Vetti Gard Turiststasjon

